



Halvparten av bueiningane er sold, her er den andre halvparten

Det særprega bustadprosjektet på Eikelandet som Geir Rusten sitt selskap Vevos Entreprenør no eig har vind i segla etterat salet tok til for alvor etter påske. Rusten kan opplysa i Kvinnheringen at han har sold 4 av dei 8 bueiningane. Han trur det heller ikkje vert problematisk å få sold dei 4 siste. Både folk som skal vera fastbuande og slike som skal ha dette som feriestad er blant kjøparane.

Prisen ligg på 2,5 millionar kroner.

Rune og Henny Myhre Eikeland frå Stord tok sist veke over nøklane som dei første eigarane i Eikelandet Brygge.

Dei skal nytta huset som fritidsbustad og var frista både av naturen og bustaden. Rune har har da også delteke i 12 år i hjortejakt her i bygda.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen og Arne Lindeflaten